



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 9

DESEMBER 1973

22. årgang.

## VER IKKJE REDDE!

Lk. 2, 10—14

«Ver ikkje redde —, i dag er det fødd dykk ein Frelsar i Davis by, han er Kristus Herren, «var englebodskapen gjetarane fekk høyra på Betlehemsmarkene den fyrste julekvelden. Ære vere Gud og fred på jorda og hugnad med menneska», var innhaldet av den fyrste julesongen. Dette er bodskapen som skal forkynnast og syngast også denne jula: Men er det ikkje vanvit å tru ein slik bodskap no, slik tida er? Er det ikkje fåfengt å tru på fred og be om fred i ei verd som etterkvart har vorte berre meir fredlaus?


Ingengong før har vel menneska vore så urolige og redde for framtida. Vi les om uro og usemje i kvar avis, pengeverdet fell og prisar stig. Korleis skal vi ha det i morgon? om eit år? Heimlause millionar, hundretusenar uskulde i fengsel og trølearbeid? Slike tankar får vel nokon kvar når vi enno eingong skal høyra bodskapen «ver ikkje redde!» — «Fred på jorda».

Då kan det vera godt å minnst at tilhøva ikkje var det spor trygge dengong då Guds son kom til jord som eit lite barn. Han var fødd i eit okkupert land, — av ei fattig mor, i eit framandt land. Heile sitt liv skulle han leve i ei atmsfære av hat og nag, spotta og hæda av mennesker.

Tilslutt skulle han lida skamdøden for brotsmenn, spikra på ein kross. Alt saman utan skuld. Kvifor? Fordi kvart einaste fortvila og ulykkeleg menneske skulle vita at Guds son — Frelsaren hadde vore i same stoda.

Fredens evangelium kvar jul er at Gud har gjort seg til eitt med alle hjelpelause, alle gløymde, alle forfulgde og naudstедde. Kvart einaste lite menneske med redsle i

Framh. s. 4.



## Det forsto direktøren!

«Det forsto eg og», sa den gamle direktøren til presten når han ein gong hadde uttrykt seg enkelt. Dette var utgangspunktet for prost Olaf Havdals avskilspreike i Orkdalskyrkja 21. s. etter treeining den 11. november. Teksta var henta frå Luk. 18, 1-8 om den masete enka og den urettferdige domaren. Det er viktig å forstå det som blir sagt, sa Havdal. Men slik forstått at det er vikitgare å få hodet inn i himmelen enn himmelen inn i hodet. Kristentru har noe med vit og forstand å gjere: Det er viktig å forstå.

Bøn har også noe med forstand å gjere, at vi skjonar vi kan be. Vi blir oppmoda til alltid å be, og ikkje bli trøytte. Korleis er det med deg, er det lenge sidan du ba? spurte presten. Eller er det tome ord, skikk og vane utan at du forstår å vente deg noe? Enka som var skubba tilsides, gløymt, som enker ofte blir, var pågåande, masete. Vi er avhengig av Guds nåde, Guds miskunn. Vi kan ikkje diktere Gud. Men bønens veg er likevel ein veg å gå. Berre her finn vi Guds faderhjärte. Til meir tålmodig, ivrig, uthaldande vi går den vegen, til meir får vi sjå.

Domaren var van med å få ein passende sum under bordet. Er Gud slik? Uliskskapen mellom Gud og

Framh. s. 3.



### Biskopen

var tilstades ved gudstenesta i Orkdal 11. nov. Han takka Havdal for lang presteteneste i Den norske kyrkje. Han nemnte tre drag ved Havdal, som pedagog, med evne til å famne heile menigheten, og med evne til å møte den enkelte. Biskopen hadde kjent seg særleg trygg når han drog på visitas med Orkdalsprosten. «Den offisielle tenesta di er slutt», sa biskop Godal, «men den uoffisielle du fekk ved ordinasjonen tek aldri slutt». Kåre Gjønnes takka for menigheten. «Du viste oss den rette veg — til Jesus Kristus som Frelsaren — og sette det inn i ein samanheng som passa inn i vår kvardag. Det var praktisk kristendom som vi fekk ta med oss heim frå kyrkja». Klokkar Alfild Engen takka frå personalet i Orkdalskyrkja, og helsa med Filip. 4, 6 - 7. Ver ikkje bekymra. Guds fred skal fylle hjarte!

Havdal meinte det var godt han var blitt gamal, elles ville alle gode ord ha gått han til hodet. Han ville for sin del stamme fram bøna framleis: Gud ver meg syndar nådig! Han retta ein varm takk til medhjelparane i kyrkja.

«Synd at det er berre ein gong ein får slutte».

Slik takka Olaf Havdal for seg og Sigrid etter kyrkjekaffien på Megården bedehus. Ordførar Ingrid Sandvik sa det slik: «Havdal hadde gode ord i ei god gjerning. Vi har merka stor menneskeleg forståing», la ho til. Så kom ho fram med gáva frå kommunen eit relieff i treskurd av Fannremskyrkja og prestegarden skore av Johan Ustad.

Reidar Halgunset takka frå Orkdal menighet: «Havdal er somtid original, derfor vågar vi også å vere originale», Og det var Halgunset til gagns. Det var stor spenning i salen da han «slapp katten ut av sekken». Ein tru kopi av funn frå Vinje stavkyrkje frå 1100 talet. Katten var ei løve, stilisert med fantasi. «Løva er symbol på styrke», sa Halgunset, og nemnte at

dyret var å finne 130 gonger i Bibelen, mellom anna i Johs. åpenberring 5, 5. Løva av Juda. «Vi treng å ty til noen som har styrke, dette skal minne oss om Kristus», sa Halgunset til slutt.

Fru Ellinor Nystykket takka for Orkdal sanitetsforening og Sjukehuset. «Hyggeleg og godt var det når Havdal kom», sa ho. »Takk for årsmøter og basarer i Sanitetsforeninga». Så kom ho med ein fin vase med NKS-kløvermerket på, og sa: «Godt å tale, tenke, gjøre — dertil skal din And oss føre».

Liv Gjelsvik takka Sigrid Havdal. «Du har utført eit stort kall på beste vis», sa ho. «Svært fin måte å møte oss på», sa fru Johanna Hallem frå Kyrkjeforeninga. «Sigrid tok opp songen», la ho til, og hugsas spesielt «Å var min sjel av takk så full».

Olaf Havdal ønskte velkomen til Trondheimsbesøk. «Vi bur i Fjøs-mestereveien I bak Kuhaugen», sa han. Det må vere langt på landet, men velkomne skulle vi altså vere.

### Fint nattverdsett

fekk Orkanger aldersheim overrekket på ei tilstelling arrangert av Menighetsforeningen 28. nov. 25 serkal-kar, felleskalk med brett. Sølvplett for ca. kr. 3000. Den er gitt av Orkanger Vel, Menighetsforeningen, pensjonærane og Menighetsrådet. Dette er ei svært nyttig gáve. Det var uhyre upraktisk å hente utstyr i kyrkja kvar gong ein skulle ha nattverd på aldersheimen. Med lynfart blei sakene ordna berre etter eit par ord i forbifarten ein gong. Takk! Vi skulle ønske ein eller annan gjorde det same for Fannrem aldersheim.

Festen for dei eldre på aldersheimen var elles ei fin høgtid. Tre pianoelevar spela, elevane på Øyum humorskole song, res.kap. synte lyshilete frå vakker norsk natur og folkeliv, og festleiar Magnhild Hoff las og song. Fint tiltak av Menighetsforeningen. Her var det god stemning!

### I denne samanheng

nemner vi også at prestane har andakt kvar torsdag kl. 16 på begge aldersheimane. Likeins er det andakt på Sjukehuset kvar onsdag kl. 18,15. Magnhild Hoff og Steinar

Jakobsen er med. Prestane vil gjerne takke for den fine måten dei blir mottekne på på desse plassane av pensjonærer, sjuke og personalet.

### Kontortid Orkanger.

Vi minner igjen om at preste-kontoret i Den Gode Hyrdes kapell er åpent kvar tysdag frå 10 - 12 og kvar torsdag frå 17 - 19. Elles vender ein seg til telf. 2088 Svorkmo.

### Vi var også på Solbu

og presenterte Midt-Austen, Libanon - Syria og Jordan, på grendstugubasar. Det var folkefest som vanleg. Mellom anna hadde vi ein prat med Oddlaug Høston. Ho og han Bernt hadde drive søndagsskole her i 40 år, var det visst. Men i år hadde dei slutta og overlata ansvaret førebels til son og svigerdotter. Det viste også litt av miljøet og tradisjonen i grendehuset.

Og pengar kom det inn så huset skal bli enda finare.

### ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:  
Gunnar Melås, Kåre Gjønnes,  
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,  
Fannrem bokhandel,  
Einar Bjørndal, A. G. Nød-tvedt,  
Fridtjof Digerås, Peder Tronvoll,  
Borghild Asphjell,  
Dagny Korsli, Lars Bonvik.

### ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos  
Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

### Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00  
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)  
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)  
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lördager er alle kontorer stengt.

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av soknerådene i Orkdal

Redigert av res. kap.

Kasserer:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

-Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk - Svorkmo

## Den store veven

Nyprosten er også forfatter. Vi veit ikkje om han er medlem av Norsk Forfatterforening. Men vi har nilest på bøker av han dei siste dagane. Alt har vi ikkje kome igjennom enno. Han har gitt ut ein roman i 1966 på Nomi. Tittelen er overskrifta på denne artikkelen. Visst nok er manuskriptet skrivne alt i studentdagane i Oslo, men som den smålatne mann han er vågde han sende det inn til ettersyn først 15 år seinare. Som debutant fekk han positiv kritikk. Vi vil tilrå dei som får tak i denne boka å lese gjennom ho. For det første er det ein klår bodskap, nyprosten vår vil noe. Vidare blir det teke opp mange viktige sider ved det medmenneskelege samliv, det blir tolka med kristent engasjement og psykologisk innsikt. Har Rogstad utvikla seg sidan han skreiv dette i studentdagane, så har han greie på litt av kvart no. Han må ha vore ein uvanleg moden student. Vi ser respekten for gamal arv midt i viljen til å ta opp aktuelle problemstillinga for unge. Litterært også av bra kvalitet. Men først og fremst: Ei moralsk bok.

Barnebøkene hans, har vi ikkje rokke kome gjennom enno. Men barna har overtatt. Og dei seier det er svært bra saker. Og barnas dom er vel den beste her. Men vi skal lese dei vi og. Det gjeld to bøker kome ut på Rune Forlag: «Tor Ormson og Postbrøne hans» frå 1962 og «Buanes-gutane i Sold slaget» frå 1964. Historiske barnebøker frå Gauldal. Vidare er det «Solstadguttene» utkome på Nomi i 1966. Bybarn på landet. Kanskje Trondheimsguten Rogstad i Støren? «Boka er rett og slett god, ja sjelden god», står det bak på omslaget.

Nyprosten forstår seg altså på barn. Vidare sit vi og blar i ei privat utgitt diktsamling. Her finn vi dikt som: «Ved mors grav», «Song til Rørosvidda», «Johan Petter Falkberget 75 år», «Helgamesse». Vi er fri og gjengir noe i dette menighetsbladet.

Det var romanforfatteren, barnebokforfatteren og lyrikaren. Så var det historikaren Rogstad. «Festskrift til Snåsa», fekk vi ut av han som han meinte sitt beste. Dessutan har han gitt ut eit 32 siders hefte om sin ven Johan Falkberget. Vidare har hjulpet til å få utgitt Lina Jørstads minneblad i tre hefter og «Om Sneaaasen» av Svend Busk Brun. Vi noterer også at han har fått premie for menighetsbladet «Sol - Sang» i Snåsa.

Vi får stelle bra med nyprosten, så kanskje han får skriving meir. Det kunne vere vi kunne slumpe til og bli modellar også — for ein eller annan skrupuløs person i komande bøker. Men Rogstad seier han ikkje har tid meir til slik skriving. Så da så!

Ein stad finn vi notert prostens hobbyar: «Kunstmåling, speiding, frimerkesamling, fotball og skigåing. Fotballtrenar for Brekken idrettslag i 8 år», står det.

Bak alt får vi i alle fall tru at det høyrer med til «Den store veven» at Rogstads kom til Orkdal. I ei slik tru vil det hende mye godt ved dei her.

### Det forsto direktøren - -

Framh. frå s. 1.

domaren kjem fram. Når den snuskete domaren var slik at han kunne hjelpe, da vil Gud vere snar å hjelpe dei som ber han.

«Han som ikkje eingong sparte sin eigen son, korleis skulle han ikkje gi oss alt med han». Når vi åpnar oss, kan ikkje Gud anna enn å gi oss si velsigning.

Men held dette i praksis? Noen har prøvd og slutta og funne ut det ikkje hjelper noe. Helsa er som før, kona er som før, freistingane, nederlaga, trua og uroa også som før. — Bøna er ikkje noe tryllemiddel som med eitt slag kallar sola fram og fører til ei sorglaus vandring. Jesu liv er her eit eksempel.

## Julebodskap

Kvar julekveld eg syng av glede eg kjenner meg så signa rik  
Guds son som barn  
vart fødd henede  
For skulda mi, han meg vart lik.  
Kvi skulle eg då ottast meir?  
Han frelste meg og mange fleir.

Eg les det høgt i bibelordet:  
Gud elsker meg slik at han gjev sin son som lam til offerbodet. . .  
Ei kjærleiks von, ei tru eg hev.  
Kvi skulle eg då ottast slik,  
som Jesus fekk å verta lik?

Mi synd var stor som høge fjellet.  
Eg dømd og slegen, einsam sto.  
Då tok han over sjelestellet.  
Å Frelsar min kor du er go'.  
Kvi skulle eg då ottast her,  
Når Jesus Kristus hjå meg er?

A sæle englehærars vrimmel  
med gledebodskap: «Fred på jord!  
Ein Frelsar komen er frå himmel,  
Med menneskja Guds hugnad stor».  
Kvi skulle eg då ottast her  
som syngja kan: «Guds æra er».

K. G. R.



Kampen i Getsemane og på Golgata: Min Gud min Gud, kvifor har du forlatt meg! Trur du Jesu bøn var bortkasta for det? Var det ikkje gjennom bøna han fekk gå den veg han skulle gå — og til endes?

Jesu handling står fast! Gud skal skunde seg! Denne lovnaden gjeld også så sant vi vil be og ikkje bli trøytt. Men Jesu ord i dag er ikkje prega av lettvindt optimisme. Ved sin gjenkomst, vil han da finne trua på jorda?

Og prost Havdal avslutta slik: Du er med å gir svaret på om Jesus skal finne tru tilbake, ved å be og lære. Alle i Orkdal med å gi svaret på det. Med å be eller la vere å be. Be og bli ikkje trøytt. Du som slutta: Finn vegen tilbake igjen.

## Ver ikkje redde - -

Framh. frå s. 1.

hjarte skulle kjenne at nett for si skuld var det Guds son kom til jord. Den som ropar på nåde i eit fangehol, som fortvila rømer unna krigens redsle eller som kjenner sitt liv knust under Moloks jarnhel, den som ingen utveg ser etter mange vonlause år i eit flyktningelæger skulle vita at det er noko meir, ein siger og ei hjelp ved Jesus Kristus. Han som sa: «Kom hit til meg alle de som strevar og har tungt å bera, eg vil gje dykk kvile». Men kan ein som sjølv var spikra på ein kross, hjelpa andre? Kan han komma med fred?

«Vanvit å tru», seier sume. Vanvit ikkje å tru, må den kristne svara! Det var nett på krossen Frelsaren sigra. Menneskevondskapen klarer ikkje å overvinne Guds kjærleik. Når vi sikkert ville ha tenkt vondt og ynskt hemn, bad Frelsaren: «Far, forlat dei, for dei veit ikkje kva dei gjer». Der, i ei setning ligg kjærleiken sin siger over all vondemakt! Men denne sigeren hadde Frelsaren også vunne kvar einaste



dag før. Når han møtte avund, misstru, vondord og spott på sin veg, slutta han aldri å vera i kjærleik. Han lækte sjukdomar, tala trøystord og synte samkjensle med alle som trong hjelp. Hat og hemn var framande kjensler for han. Då Peter trekte blankt, bad Frelsaren han stikke sverdet i slira att! Denne Frelsar er det jula kjem til oss med bodskap om. «Ver ikkje redde». «Ver ikkje redde for dei som berre har makt til å øydelegge lekamen», — for nemleg, «i min Fars hus er det mange rom og eg går bort for å gjera istand plass åt dykk». For den som går inn i dette, kjem så freden av seg sjølv, den fred som går over all forstand. Denne fred kjem i hjarte og simm, så snart vi skjønar at menneskeråd ikkje er noko å vera redd!

La oss berre ikkje leita etter freden på gal plass. Freden englane song om på Betlehemsmarka kan vi aldri finna i verda omkring oss, avdi verda aldri kan gjeva ein slik fred. Berre Frelsaren kan gjeva den. Så må vi berre sleppa han inn som dagleg gjest i heimen vår. Når vi seier ja til Guds tilbod og i barnleg einfald knepper hendene i bøn, så vil vi etterkvart kjenne det slik at den freden sin løyndom, — krossen planta midt inn i ei verd av Meisteren sjølv. Krossen høyrer nemleg ikkje berre påskedramaet til. Den lyser igjennom juleunderet.

«I dag er fødd dykk ein Frelsar i Davids by, Han er Kristus Herren, — Ære vere Gud og fred på jorda og hugnad med menneske».

K. G. R.



## Julegrana

Eg viser til lysinga i dette nummeret om juletre-tendinga på Svorkmo. Det kom noko «stufs» på Historielaget dette med å stå for arr. med julegrana. I alle åra har det vore Svorkmo Yngre Sanitet som har stått for dette, så me har vore omselaus for dette i så måte. No har dei kjaurt trøtt og tykkjer at dei vil ha avløyning, mykje prakt og ekstra-arbeid har det vore for dei og.

Det var da fare for at det ikkje skulle bli noko julegran på «Plassingan» dette året da, og Historielaget fekk oppmoding om å stå for arr. i staden for Saniteten.

Styret drøfta saka og det vart einighet om at me skulle stå for julegrana i år.

Me har ikkje så reint lite utlegg med pengar til dette, da det viser seg at lysanlegget i grana som har vore er ulovleg og må skiftast ut med nytt. Dette kjem seg på 800 kroner. Noko meir utgift blir det og til gáver åt borna m.a.

For å ráde bot på dette har me lodda ut noko, og så har me hatt «Kaku-bord» på Stasjon, og me har fått inn så mykje pengar at alle pengutlegg er kome inn og vel så det —.

Så møtes me til tending i år og kl. seksten søndag 16. desb. og i år har me nypresten millom oss for første gong. Ifjor hadde me ingen og det var noko «stussleg», og så kjem org. Jakobsen med det gilde koret sitt, jau det vert ei høgtidsstund på Svorkmo denne kvelden.

Øvre Orkdal Historielag.  
skrivaren.

## Juletretenning

PÅ  
SVORKMO

Juletrete på sjølv Svorkmo vert tendt søndag 16. desb. kl. 16.00.

Det vert m.a. song av ORKLA-KORET v/ dir. Jakobsen, tale av Eidhamar.

2 julenissar kjem køyrande med gáver til borna, — gang rundt julegrana for store og små. Trekking av juleutlodninga.

Arr: Øvre Orkdal Hist.lag.

## imi – bread and breakfast

Det er gamle pietistiske og svartkledde indremisjonen vi uansvarleg presenterer med denne overskrifta. Så uansvarleg er det truleg likevel ikkje, for vi har saksa overskrifta frå ei trøndsk indremisjonsverksemd. Og flosshatten og svartdressen er det visst også så som så med. Pietismen har hatt arbeidstrøya på. No tek forresten kultureliten også til å oppdage indremisjonen. Tidsskrift gir ut særnummer med høg vurdering av misjonens miljø- og kulturinnsats. Og NRK lagar spesialprogram med omhugsam presentasjon av den sosiale vekst indremisjonen har stått bak.

Og litt av kvart er det blitt. La oss sjå litt på Trøndelag. Eignedomar er kanskje eit visst mål på verksemd. Trøndelag indremisjon eig Fredly og Bakketun folkehøgskolar, Trøndelag misjonshotell, Stølen ungdomssenter, hybelhus på Levanger, pensjonat i Bjugn. Det er under planlegging daginstitusjonar for barn i Trondheim og Levanger, likeeins studentheim i Trondheim og eit par miljøhus i Trøndelags hovudstad. Kor mange bedehus organisasjonen eig, har dei kanskje knapt tal på sjølv, men vi ser at dei gjennomgjekk vesentlege reparasjonar i 1972.

Vidare har dei eige blad, bra redigert og trykt på Orkanger. Der er også krinsens årsmelding trykt, ei bok på 75 sider med fullt av opplysningar. Men vi gjorde urett mot Indremisjonen om vi berre siterte ein masse data. Derfor gjengir vi her innleiinga til årsmeldinga. Misjonen har ikkje gløymt sitt hovudoppdrag og siktemål:

### «VI VIL GJERNE SE JESUS».

Slik uttalte grekerne seg til apostelen Filip, ifølge Joh. 12, 21.

Det er noe av denne lengsel vi synes å merke også i vårt indremisjonsarbeid når vi ser tilbake på året som er gått. Der har vært en større åpenhet enn på lenge når evangeliet ble forkynt. Flere steder har uomvendte mennesker søkt våre møter, og forventningen hos de troende har vært økende. En og annen har også gitt seg over til Gud, flere steder i kretsen.

Så vidt mange plasser har dette særpreget virksomheten at vi kan tale om en gjennomgående tendens i vår krets.

Denne stille, som oftest uttalte bønn om å se og finne Jesus gir grunn til ekstra glede og oppmuntrer til større trofasthet i tjenesten.

I denne mulighetenes tid må vi huske at det er Bibelens Jesus som skal forkynnes — med all den evangeliske fylde det innebærer.

Vi har her i vår krets merket lite til de nye vekkelsesbevegelser fra den reformerte del av kristenheten, f.eks. Jesus-vekkelsen og den charismatiske vekkelsen. Det vesle vi har stiftet nærmere bekjentskap med av disse bevegelsene, har i alt vesentlig vært positive trekk uten den problemskapende ensidighet som har laget vanskeligheter andre steder i vårt land.

«Vi vil gjerne se Jesus». Det er også en sterkere uttalt lengsel hos troens folk, særlig hos de unge. Der er en bibel- og bønnekonstrasjon som vi har all grunn til å glede oss over. Får den bli ledet av den Hellige Ånd, vil Jesus bli alt sterkere forklart. Det er jo nemlig Åndens oppgave.

Som Guds folk trenger vi visst alle å be om å få mer av Jesus, Frelseren. Da vil vi også være i stand til å peke sterkt på og vitne klart om det Guds lam som bær verdens synd. Gud gi det må skje!

### INDREMISJONEN I ORKDAL PRESTEGJELD

Geitastrand bøssef.  
Marit Myren Halsen,  
7374 Geitastrand

Gjølme i.m.f.  
Odd Knudsen, 7310 Gjølme

Hoston I.m.f.  
John A. Lium, 7334 Hoston.

Moe f.  
Jon Ljøkjel, 7320 Fannrem

Nordre Orkdal i.m.f.  
Peder Stokkan,  
7323 Asbjørnslettet

Orkanger I.m.f.  
Kr. K. Singstad, 7300 Orkanger

Orkanger I.m.f. Kv.f.  
Borghild Rønning, Fjordgt. 34,  
7300 Orkanger

Orkdal i. m. f.

Pauline Bjørkøyli, 7320 Fannrem  
Orkdal i. m. kv.f.

Pauline Bjørkøyli, 7320 Fannrem  
Svorkmo I.m.f.

Jostein Dalen, 7330 Svorkmo  
Svorkmo I. U. F.

Ola Ljøkjel, 7320 Fannrem.

Dei 11 foreiningane ovanfor har i 1772 hatt 175 medlemmer, har hatt ca. 120 møter, og sendt Trøndelag Indremisjonekrins 18.000 kr. I tillegg eig dei eller er medeigarar i 6 bedehus.

Drifta av desse krev også sitt. Noen av desse bedehusa er i svært bra stand. Vi har sjølv sett det blir utført eit svært kulturarbeid i miljøet omkring desse bedehusa. Det er ikkje alltid det prangar så svært utover — men kjem ein inn i forholda så ser ein at her er ånd og liv.

### På landsplan

vågar vi knapt omtale Indremisjonen. Det er eit fantastisk nett av trådar og aktivitetar overalt. Sentrum er Staffeltsgt. 4 i Oslo med bibel- og forstandarskole, stort forlag og hotell m.m. Rundt om i landet er det hundrevis av bedehus, mange folkehøgskolar, jordbrukskole, hagebruksskole, barneinstitusjonar, bokhandlar, hotell og kafear, leirstader, bladtaktak m.m. Hovudorganet er det gamle heiderskrona «For Fattig og Rik». Gamle tradisjonar med moderne tilsnitt. Det er Hans Nilsen Hauges ånd som går igjen — andens og handas arbeid side om side. Indremisjonen har ikkje utspela si rolle. Den er ei levande kraft i vårt kyrkjeliv — og samfunnsliv. Av vårt beste.

Velkommen til vår forretning.  
Vi står alltid til tjeneste.  
Gjør innkjøpene hos oss.

*Svorkmo*  
*Handels-samlag*

## GAVER til bladet

### ORKLAND :

Marit og Bjarne Bjerkaker kr. 10. Skjalvør Asbøl 10. Lina og Olav Bakken 10. Elisabeth Staveli 10. Johanna og Per Øyum 10. Anna og Ingebr. Monset 20. Karl Asphjell 10. Ingeborg og Per Solem 10. Anne Lomundal 15. Ingeborg Vikahaug 20. Olaug og Arne Øverby 10. Ola og Ida Skjølberg 20. Beret Solås 10. Olav Eggen 10. Ranveig Tronvoll 10. Gunnar og Asbjørg Opøien 10. Mary Anne og Eimund Asbøl 20. Anne og Ole Bakken 10. Lars Aune 5. Målfrid og Leif Midtlyng 10. Anne og Sigurd Bakken 10. Anne Dalen 10. Randi og Peder Grendal 10. Oddbjørg og Magne Hoston 20. Anna Hoston 20.

### ORKDAL :

Mathilde Grut kr. 10. Nora og John Sundli 10. Magnhild Slørdal 10. Målfrid og Rolf Høyven 10. Signe Gjønnes 10. Arne Fagerli 10. Inga og Olav Kvåle 20. Anne og Helmer Sletvold 20. J. Halstenli 20. Anne Asbjørnslet 15. Eli og Sivert Fandrem 10. Eli og Bernh. Vinterdal 10. Hjørdis og Johan Sølberg 20. Sivert Gjønnes sen. 10. Jenny og Kåre Fossum 10. Gurina og Ingar Lund 20. Bjørnhild og Leif Sveeggen 20. Einar Gisvold 20. Ragna og Kr. Torjuul 20. Gudrun og Sverre Fossum 10. Beret og Ingebr. Mellingsæter 10. Lillian og Alf Mellingsæter 20. Eldbjørg og Lars Sølberg 10. Aslaug Brattbost 10. Guri Kusæter 10. Synnøve og Birger Kvåle 10. Eldbjørg Kråkenes 10. Ellen og Jøstein Berg 10. Inger og John Gjønnes 10. Marta Ustmo 10. John Svorkås 10. Beret Tufått 10. Maren

og Lars Gangås 10. Anne Grete og Lars Bjørn Gangås 10. Åse og Kåre Frengstad 10. Inga og M. Krokstad 10. Reidun og John Eldevik 10. Ingrid og Johan Rise 20. Aud og Ole Helge Nødtvedt 30. Aslaug og Steinar Wolden 10. Beret Asphjell 10. Aslaug Skaugen 10. Herborg og Oskar Fossum 10. Elen og Jarle Somervold 10. Ruth og Hans Evjen 10. Marit og Jens Haugen 20. Maren og Erik Mjønnesaune 10. Johanna Haug 10.

### ORKANGER :

Magnhild og Kr. Solligård kr. 10. Astrid Rønning 10. Margit Rømme 10. Gunvor og Andreas Solem 20. Kirsti Karlsen 20. Ester Sivertsen 10. Marie Kurås Rønning 10. Gerda Reitan 10. Lars E. Larsen 10. Kari og Johan Rikter 20. Randi Bach 10. Gudrun Holdvakt 10. Jorid og Harald Våtland 10. Judit og Kristian Meland 10. Johanna og Kristian Nervik 10. Anna og Johan Mathisen 10. Sigrid og Johan Trelease 10. Karen og Johan Haugen 10. Ane Rian 10. Anna og Olaf Oddli 10. Margot Dragseth 10. Mary og Anders Solem 20. Ester Larsen 10. Margit Vangen 10. Bertine Ofstad 10. Sigfrid Mathisen 10. Olav Grøtan 20. Martha og Karl Taranger 10. Tora og John Solberg 10. Gjertrud og Ole Nervik 10. Ingeborg og Edv. Soligård 10.

### UTENBYGDS :

Marie Røe, Nidarvoll kr. 10. Karin og Ola Monset, Raufoss 10. Ellen Richter, Charlottenlund 10. Dortea Harrang, Tr.heim 10. Svanhild og Egil Tronvoll, Tr.heim 10. Arnt Sundli, Eidsvolls Verk 10. Edel og Per Guldseth, Tr.heim 10. Magnhild Henriksen, Tr.heim 10. Olaug Paulsen, Tr.heim 10. Ola Grendal, Saupstad 10. Gunnbjørg Grendal, Verdalen 10. Borghild og Jon Melås, Brandbu 20.

Hjertelig takk!

**JULEKLÆR** for de små  
i stort utvalg.



**Harald Hukkelås**

Orkanger.

### 200 år: Gjesvål.

Vi var innom søskena på Gjesvål og fekk oss ein herleg kopp kaffi og gode kaker. Vi såg på prinsessebryllaup i fjernsyn og prata om Gjesvåls sog. Hovudbygninga blei reist i 1773. Vakker og mektig ligg ho bak Orkdalskyrkja. Og mye fint var det inni og.

At det har budd bra folk på Gjesvål før, det kan vi lese i saga. Men om dei var like greie som dei som bur der no, tvilar vi på.

### 125 år: Orkdal lærarlag.

Fin jubileumsfest fekk vi vere med på på Grøtte 16. 11. Lærarens kvardag var omkledd i festpydd stand. Kaare Norum heldt levande engasjert festtale som han avslutta med ei omskriving av den kristne avskilshelsing: «Gå inn i dette (lærarens verkstad tolka ut frå livssynsmerka og moralsk synstad) — og ten Herren med glede! Vi merka også denne setninga om den gamle skolen: «— og midt i inne i dette samfunn der arbeidet skolen, der arbeidet læraren, som kjente hvert hjem». Her trur vi som Norum ligg eit program for framtidens skole også.

### 75 år: Torshus folkehøgskole.

«Å, det er da berre sånn Torshuskristendom», sa Dagfinn Forfang med eit lurt glimt i auge første gongen vi var oppom for å helse. Og Torshus fyller i år 75 år — eit jubileum som skolen har valt skal høgtidast berre internt i skolemiljøet. Men vi vel å presentere fenomenet her likevel. Ein kyrkjeleg takk for mangt — frå Gamle Forfang på orgelkrakken til all slags anna Torshuskristendom. Det ligg noe vesentleg bak den også.

### 50 år: Orkdal Gymnas.

Om noen lar åremålsdagar gå forbi i det stille, var det ikkje slik med Orkdal Gymnas. Vi åt middag og høyrde på talar i timevis! Og verst var det ikkje. Lektor Drabløs sine diktverk som alle bakverk. Vi noterte litt stolt at det ikkje minst var presten Brage Høyem som kjempa fram gymnastanken for 50 år sidan. Og så takkar vi for gymnasets kyrkjelege teneste, mellom anna med å gitt oss søndagsskolelærarar og prestar og mangt anna godt. Det er på langt nær alt som er gudfientleg innanfor murane der.

## Nye sokneråd

### Orkanger:

Harald Hukkelås  
Magnhild Hoff  
Egil Singstad  
Ester Larsen  
Agnes Skauvik  
John Stokke  
Anne Lovise Iversen  
Agnes Singstad.

### Varamenn:

Hildur Dahlø  
Bergljot Asbjørnslett  
Gerd Saltnes  
Ane Rian  
Torgeir Slåstad.

### Orkland:

Martha Fagerli  
Jens Indergaard  
Jostein Dalen  
Ingvar Grytdal  
Målfrid Kvikne  
Ola Ljækjel  
Anders Bonde  
Olav Øvervik.

### Varamenn:

Gunnar Hoseth  
Sigrid Ljækjel  
Einar Sandvik  
Olaug Øverby  
Ragna Fagerli.

### Orkdal:

1. Arnt Gangås
2. Erling Fagerholt
3. Einar Stokkan
4. John L. Solem
5. Alvhild Engen
6. Liv Gjelsvik
7. Sigmund Haugset
8. Karen Helene Hagen
9. Elisabeth Gjønnes
10. Margido Hansen.

### Varamenn:

1. John Meyer
2. Borghild Slørdal
3. Kari Reitan
4. Erling Solem
5. Anne Eldevik.

## Forretnings- banken A/S

Orkanger - Tlf. 80 350

Åpn.tider . . . kl. 08.00 - 15.00  
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00

Lørdager stengt.

## SLEKTERS GANG

### Døpte

#### Orkdal.

4. 11. Hågen Selbæk Solemsløkk.  
11. 11. Knut Ove Snildalsli.

#### Orkland.

11. 11. Bjarne Oluf Larsen og  
Jorheid Asbøll.

### Vigde

#### Orkdal.

17. 11. Bjørn Freidar Øyum og  
Randi Ophaug.

#### Orkanger.

17. 11. Torodd Petter Antonsen og  
Karin Rostad.  
Helge Petersen og Ingrid  
Merete Lyng Kongsvik.

### Døde

#### Orkland.

20. 11. Anne Asbøll f. 1897  
28. 11. Karen Hoston f. 1894.

#### Orkdal.

31. 10. Johan Vasli f. 1875  
13. 11. Bjarne Anneus Viklem  
f. 1906  
27. 11. Helge Vevik f. 1902.

#### Orkanger.

27. 10. Martin Johansen f. 1885  
6. 11. Elen Gurine Lund f. 1898  
8. 11. Borghild Rønning f. 1908  
13. 11. Ingrid Husby f. 1884.

### JULEFEST FOR ELDERE

Svorkmo misjonshus  
3. juledag 27. 12. kl. 16.00.  
Alle pensjonister vel møtt.

### FAMILIEJULEFEST

Orkanger bedehus  
28. 12. kl. 19.00.

## SØLVVARER

til  
**BARNEDAP BRYLLUP  
KONFIRMASJON**  
Gullsmed

John  
ROHME

7300 Orkanger



Det Norske Misjonsselskap og Santalmisjonen har også i år adventaksjon med dette motto. Det er framleis ein bøsseaksjon. Meinnga er å få meir meningsfylt adventstid med misjonen i tankane.

«Herren som kjem», skal kome til alle folkeslag. Det er ei positiv utfordring. I år gir dei også ut misjonsadventskalender. Men den blei så populær at heile opplaget forlengst er gått ut. Det var tydeleg eit behov for ein god adventskalender. Den kjem i større opplag neste år.



### GUDSTENESTER

#### 3. s. i adv. - 16. des.

Sølberg bedehus. Rogstad  
 Hoston grendehus. Eidhamar.  
 Orkanger kl. 18. Julesang.  
 Orkanger bl.kor. Eidhamar.  
 Orkdal kl. 20. Lysmesse. Torshuskoret. Rogstad.

#### 4. s. i adv. - 23. des.

Gjølme bedehus. Rogstad.  
 Monset. Eidhamar.

#### Juleaften 24. des.

Orkanger aldersh. kl. 11. Eidhamar  
 Orkdal kl. 14. Barnegudst. Rogstad  
 Orkanger kl. 14. Barnegudst.  
 Eidhamar.  
 Orkdal sjukehus kl. 15. Rogstad  
 Orkland kl. 15.30. Barnegudst.  
 Eidhamar.  
 Orkdal aldersheim kl. 16. Rogstad.

#### 1. juledag - 25. des.

Orkdal. Rogstad. Offer til Det norske Misjonsselskap.  
 Orkland. Eidhamar. Offer til Det norske Misjonsselskap.  
 Orkanger. Havdal. Offer til Det norske Misjonsselskap.  
 Orkdal kl. 20. Song- og musikk-gudst. Rogstad. Offer til nytt orgel.

#### 2. juledag - 26. des.

Geitastrand. Rogstad.  
 Offer til Det norske Misj.selskap.  
 Stokkhaugen. Eidhamar.  
 Offer til Det norske Misj.selskap.

#### Søndag e. jul - 30. des.

Solsjøbygda. Eidhamar.  
 Geitastrand kl. 20. Song- og musikk-gudsteneste.  
 Orkanger bl.kor. Eidhamar.

Nyttårsaften - 31. des.  
 Den Gode Hyrdes kapell kl. 18.  
 Orkanger musikkorps. Eidhamar.  
 Orkdal kl. 20. Rogstad.

1. nyttårsdag - 1. jan. 1974.  
 Orkdal. Eidhamar. Nattv.  
 Offer til D. norske sjømannsmisj.  
 Orkanger. Rogstad. Nattverd.  
 Offer til Santalmisjonen.

Kr. åpenb.dag - 6. jan.  
 Orkland. Rogstad. Nattv.  
 Geitastrand. Eidhamar. Nattv.

## Er vi konfusianere i vår praksis?

Kong-tse (Konfusius) var en stor kinesisk filosof. Men han var først og fremst en fornuftig og vis mann. Han kunne aldri ha sagt: *DU skal elske nesten din*. Dette kravet ville være farlig kategorisk. For tenk om nesten min var min fiende, en som gjorde meg ondt.

Nei, sier Kong-tse, vi for holde oss til gjensidighetsprinsippet. Han ble en gang spurt om en skulle gjengjelde ondt med godt? Nei, gjengjeld godt med godt og ondt med rettferdighet.

Vi må medgå at dette er fornuftig manns tale. Og det er et stort spørsmål om vi i kristenheten alltid når opp til det mål Kong-tse satte seg: å være rettferdig mot mennesker som gjør oss ondt. Viljen til å praktisere denne rettferdigheten mot motstandere er ikke alltid stor nok. Kanskje mange av oss er mer på linje med Kong-tse enn med ham som sier: «Alt det dere vil at andre skal gjøre mot dere, det skal dere gjøre mot dem». (Mt. 7, 12).

Våre norske human-etikere har hevdet at «den gylne regel» i Matteus 7, 12 rett og slett går ut på det samme som humanetikken bygger sine moralprinsipper på, nemlig den

gjensidighetsforventning som ser ut til å være grunnlaget for alt vi foretar oss. «Jeg skylder da ikke det mennesket noe», sier vi. «De venter da ikke noe av oss». Så er det underforstått at de ikke har ytt noe som gir dem rett til å vente noe av oss. En journalist stilte dette spørsmålet i en Oslo-avis: «Er det naturlig dette at menneskene i storbymiljøet føler mistenksomhet i steden for samhold? Eller er dette bestemt av situasjonen menneskene lever i?» Og svaret han prøvde å gi, burde vekke til ettertanke. Journalisten svarte: «Svaret er kanskje at vi lever i et samfunn hvor alt dreier seg om å få igjen mer enn du gir. Samlivet med andre mennesker blir på en måte basert på mental proritt».

Det var en gang en dikter som forkynte kjærligheten som går langt ut over gjensidighetsidealet i den rasjonale etikken:

Elsk din neste, du kristen sjel,  
 Tred ham ikke med jernskodd hel.  
 ligger han enn i støvet.  
 Alt som lever, er underlagt  
 kjærlighetens gjenskapermakt,  
 bliver den bare prøvet». (B. B.)

Altså: De som aller minst har krav på oss, menneskelig talt, de som ingen rett har til å vente seg noe av oss, nettopp disse er det som trenger vår forstående kjærlighet mest.

De mennesker som vi «ikke kan noe med», nettopp disse trenger å møte og merke den kjærligheten som utholder alt, tror alt, håper alt og tåler alt. Den kjærligheten som aldri faller bort. Du leter forgjeves etter denne kjærligheten hos de store vismenn og religionsstiftere. Men Kristus, han har forkynt denne kjærligheten, han har levet den, han har proklamert den fra sitt kors. Det er bare Jesus Kristus som kan omskape våre kalde hjerter med sin kjærlighets gjenskapermakt.

agn.